



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	
	Heradsstyret	

Sakshandsamar:	Politisk-adm.sekretariat	Runar Ludvigsen		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 23/2490	Klassering:	

Val av eldreråd for perioden 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

For perioden 2023-2027 vert det vald medlemmer med varamedlemmer til eldrerådet. Desse vert valde:

Saksopplysningar:

I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden, jf. kommunelova § 5-12. Kommunane kan vedta å oppretta eit felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, dersom det ut frå lokale tilhøve er nødvendig, jf. forskrift om medvirkningsordningar § 4. Sekretariatet har såleis vore i kontakt med noverande leiarar for rådene, og dei har begge ytra ønskje om å fortsette med separate råd slik ein har i dag.

Eldrerådet skal vere eit rådgjevande organ for kommunen. Heradsstyret vel medlemmer og varamedlemmer, og avgjer kor mange medlemmer rådet skal ha. Fleirtalet i rådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Eldrerådet har i denne perioden hatt 6 medlemmer og 3 varamedlemmer (fellesliste). Ein av medlemmane, med personleg varamedlem, har vore politikkrepresentantar.

Lag og organisasjonar som driv aktivt arbeid for eldre kan kome med framlegg om medlemmer til rådet. Desse har med skriv av 04.10.2023 vorte oppmoda om å kome med framlegg.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, jf. forskrift om medvirkningsordningar § 3. For valet gjeld elles kommunelova sine reglar om minst 40% representasjon frå begge kjønn.

Sjå vedlegg for organisasjonane sine forslag på medlem/varamedlem til rådet.

Vurdering

Kommunedirektøren viser til saksopplysningane og har elles ikkje merknader.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda for innstilling til heradsstyret.

Vedlagte saksdokument:

Valestrand helselag - Eldrerådet	434920	08.11.2023
Haus helselag - Eldrerådet Osterøy kommune	434921	08.11.2023
Brev frå kommunen til lag og organisasjonar - Informasjon om val av eldreråd for perioden 2023-2027	434922	08.11.2023